



Statens vegvesen

Stein Otto Hole

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/130481-9	Dykkar referanse:	Vår dato: 15.05.2017
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Oppheving av vedtak og uttale til dispensasjon – Byggjegnelse – Minireinseanlegg – Fv. 398 –Gnr. 103 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om etablering av mini-reinseanlegg på gnr. 103 bnr. 7 i Lindås kommune.

Vi avslo søknad om etablering av mini-reinseanlegg etter veglova i vedtak av 16.12.2016, med grunngjeving at teknisk installasjon låg i ein avstand på berre 7 meter frå vegmidte.

Oppheving av vedtak:

Lindås kommune har eigen føresegn til arealdelen av kommuneplan som gjeld byggjegnelse langs veg. Det er difor Lindås kommune som har heimel til få fatte vedtak om dispensasjon frå byggjegnelse. Med heimel i forvaltningslova § 35 opphever vi vårt vedtak etter veglova, snr. 16/130481-5 datert 16.12.2017.

Vi seier oss lei for det meirarbeid dette medfører. Du må no ta kontakt med Lindås kommune om vidare saksgang. Nedanfor følgjer ei uttale som du kan nytte til kommunen sin behandling av søknaden:

Uttale til dispensasjon:

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Statens vegvesen avsto ein søknad om oppføring av teknisk installasjon innanfor byggjegrænse langs veg, då vi meinte tiltaket kom for nærre vegen. Denne vurderinga står ved lag.

Søkjjar har no sendt inn eit nytt framlegg for tiltaket – utan kartvedlegg – der det vert skissert at tiltaket kan trekkast om lag 10 meter vekk frå vegmidte. Vi meiner at dette er ein avstand vi kan akseptere. Kommunen må då setje vilkår om at det ikkje kan krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretninga ligg nær FV. 404.

Når det gjeld utslepp til bekk og stikkrenne under fylkesveg har vi ikkje merknad til dette så lenge kommunen godkjenner utsleppet.

Vi gjer merksam på at arbeidet kan krevje arbeidsvarsling dersom tiltaket medfører arbeid på eller langs veg. Dersom tiltaket kjem nærare vegkant enn 3 meter må det søkjast om graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Vi ber om å få sendt over kommunen sitt vedtak for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Jan Erik Helland

Fra: Elisabeth Hole <elisabeth.hole@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 16. mai 2017 16.43
Til: Jan Erik Helland
Emne: Fwd: Gbnr 103/7 - dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg
Vedlegg: image001.png; ATT00001.htm; dispensasjon NKF-veileder.pdf; ATT00002.htm

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Her kommer e-posten fra Lindås Kommune. Jeg har nabovarslingene. Ring meg slik at vi kan diskutere neste steg.

Sendt fra min iPad
Elisabeth Hole

Videresendt melding:

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>
Dato: 16. mai 2017 kl. 10.47.41 CEST
Til: "elisabeth.hole@hotmail.com" <elisabeth.hole@hotmail.com>
Emne: Gbnr 103/7 - dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg

Hei
Viser til telefonsamtale i dag

Nabovarsling

Ta med nokre ord om nabovarsling i søknaden din. Du kan visa til at endra plassering av anlegget er bagatellmessig, og at ingen har komme med innvendingar. Ny nabovarsling/nabovarsling av dispensasjonssøknad er difor ikkje nødvendig.

Med helsing Knut Bjørnevoll

22/5-17

Naboene ble varslet ultimo oktober 2016.
Ingen naboer hadde innvendinger
med unntak av Staten Vegvesen.
Som følge av ønske om å imøtekomme
Staten Vegvesen ble anlegget plassert
10m fra fylkesvegens midte mot i den
opprinnelige søknaden 7m fra
fylkesvegens midte. Denne endringen
er bagatellmessig¹ og har ingen betydning
for andre naboer. SK O. M.